



Even Andvik
Andvikvegen 513
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/474 - 23/5096

Saksbehandlar:
Ottar Myrtveit
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:
01.06.2023

Melding om delegert vedtak - svar på søknad om felling av skadedyr på hjort og gås - Even Andvik

Vi syner til søknad motteke den 24.05.2023
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr:

Det vert gjeve løyve til felling av inntil **5 dyr av hjort på gnr 28 bnr 5, frå dd til 20.06.2023**. Alle løyvene gjeld mindre bukk eller kalv. Det skal skytast dyr for dyr, og skytast på innmarka der den gjer skade. Lensmannen skal varslast og ettersøksavtale må vera på plass.

Det vert gjeve løyve til til felling av inntil: **3 grågås av ungfugl frå dd. Til 20.06.2023**

Kommunen skal ha attendemelding/rapport over korleis skadefellinga har gått innan: **27.06. 2023**.

Dyra vert ikkje rekna av kvoten men skal rapporterast med vektor, kjønn og tilstand. Fellingsavgift skal betalast som under jakta. Grågås gjeld **berre ungfugl** (kvit buk) og skal takast fugl for fugl. Same rapporteringsfrist til kommunen.

Heimel: Viltlova og hjorteviltforskrifta.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn Det er opna for å ta skadedyr av hjort etter søknad. Kommunen kan gje slikt løyve etter søknad. Det same gjeld grågås.

2. Uttale

Lensmannskontoret og ettersøksavtale må vera på plass før skadedyr kan takast.

3. Fakta

Valdet, Andvik er ikkje med i BPO (Bestandsplanområde) og vert difor tildelt løyver frå kommunen etter vedteken fordelingsprofil.

Det vart sendt ut brev til alle valdansvarlege no i vår med spørsmål om tildelinga mm. Andvik har ikkje svart og det vert då ikkje endring i tildelinga av løyver. Etter TU møte 23.05.23 får likevel vald med over 80% felling sist år 1 dyr ekstra. Her vart felt 83% av tildelinga i 2022. Dette var eit unntaksår for mange vald. Dette skuldast at hjorten ikkje kom ned i lavlandet før seint i jakta. Sjå tabell under for jakta 2018-2022. Utanom sist år har her vore ei felling på 50-76%.

Utover dette har kommunen fått svar frå miljødirektoratet at søknaden om fri kalv i 2023 er godkjent.

Kommunen vil minna om at søknaden ikkje er fullgod og syner til kva punkt som skal vurderast og hansamast i denne typen saker, sjå s3.

Her vart også søkt om skadeløyver i 2022. Da vart her tildelt 3 løyver, og skote alle 3, men attendemeldinga kom først 08.08.2022 etter purring. Ein gjer merksam på at kommunen nyttar svar ut, så sjekk el-post.

Andvik er vanlegvis eit område med svært mykje hjort gjennom heile året, arealet er rekna som kjerneareal landbruk, og søkjar driv med mjøkeproduksjon. Det kan sjå ut som at ein stor del av flokken her ikkje trekkjer. Det er 1 gardbrukarar som driv med sau på Andvik og 2 med storfe/mjølkk. Bruka i Andvik er skadelidande med store hjorteflokkar om våren og framover. Mot 1 slått er det redusert ein del, men avlingstapet og kvalitetstapet kan vera stort. Skit i foret forringar grovforet så pass mykje at her dyremessig også eit stort problem for grunneigarane. På hausten kjem hjorten att og ein kjenner eit kvart godt til syklusen for hjorten. Med å ta ut inntil 5 dyr her, vonar ein at det skal ha ein viss effekt. Vårtrekket er alt godt i gang og ein må her sjå kva omfang og effekt det vil gje iht avlingsmengde og kvalitet.

Grågås er eit problem på innmarka, og her er gåsa observert no i fleire år og området er med i gåseplanen for Masfjorden. Andvik er eit av område i gåseplanen ein kjenner til, så me gjev løyve på inntil 3 gås. Her er ikkje synt til førebyggande tiltak men området er synfart. Likevel vert løyver gjeve då ein har ein viss dokumentasjon med bilder. Det ein bør prøva er skremming og gjerding på gåsa. Det har ein viss effekt på kort sikt og da gjerde helst elektrisk not har også bra effekt på kull med ungar, men her er det mykje ungfugl, og da her det ingen effekt. Då gåsestammen lokalt er i meste laget vert det gjeve løyve på 3 ungfugl. Ein skyt fugl for fugl med mest mogeleg skremmeeffekt. Rapportering til kommunen og varsling til lensmannen/politiet.

Tildelt og felt dyr i Andvik dei siste 5 år.

Jaktår	Felte hannkalver	Felte hunnkalver	Felte 1-årige hanner	Felte 1-årige hunner	Felte eldre hanner	Felte eldre hunner	Tildelt totalt	Felte totalt	Fellingsprosent
2018	1	2	3	0	1	3	16	10	63
2019	1	2	1	0	1	3	16	8	50
2020	3	1	1	0	3	4	16	12	75
2021	3	3	2	0	3	5	21	16	76
2022	4	3	2	4	2	4	23	19	83

4. Vurdering

Kommunen har på heimesida søknadsskjema for felling av skadedyr for både hjort og gås. Dette skal nyttast, men pr dd har ein ikkje fått til rett kopling mellom skjema og kommunen sitt arkiv-/sakssystem. Vonaleg kjem dette på plass etter kvart. Det me **skal** ha med saman med søknaden er difor ei stadfesting med underskrift på at både valdansvarleg og grunneigar er samde om søknaden. Her er søkt elektronisk, men valdavsvarleg må vera orientert og godteke søknaden. **Løvet er ikkje gjeldande** før denne stadfestinga føreligg enten elektronisk eller på papir.

Olav Ørjan Daae frå TU, og Ottar Myrtveit frå administrasjonen hadde synfaring 30.05.2023.

Ein vurderer det som eit strakstiltak å freista ta ut inntil 5 skadedyr og da ikkje koller, men mindre bukk eller kalv. Ein skyt dyr for dyr med mest mogleg skremmeeffekt. Om dyra held seg borte/forsvinn treng ein ikkje ta ut alle. På same areal ser ein gåseskiten i graset. Kommunen har fotodokumentasjon. Tilsaman vert det mykje skade og ein gjev her eit vedtak gjeldande både for hjorten og grågåsa. Valdet skal gje attendemelding til kommunen straks tiltaket er over, **seinast 27.06.2023**. Lensmannskontoret skal varslast, samt at ettersøksavtale skal vera på plass. Dyra vert tekne utanfor kvoten og tilfell valdet. Normalt skal dyr som er tekne utanfor ordinær jakt tilfalla kommunen, men dette er også ei vurderingssak.

Sjekkliste som her er gjort er på:

- Kva art gjer skade?
 - Kor mange dyr er årsak til skade?
 - Kva perioder gjer dyret eller dyra skade?
 - Kva er det gjort skade på og i kva omfang?
 - Kva tiltak er eventuelt utprøvd for å redusere eller forhindra omfanget av skade?
 - Er eigedommen organisert i jaktvald for arten som gjer skade?
 - Har eigedommen vore plaga med hjorteviltskader tidligare år?
 - Er det søkt skadefelling tidligare år?
 - Effektar av eventuell tidligare skadefelling - har det ført til skadereduksjon og kor lenge har dette vart?
- Kommunen har vurdert om relevante og rimelige tiltak kan prøvast for å avverge skade. Eksempler på avvergende tiltak.
- Auka uttaket av arten gjennom ordinær jakt. Her blir tildelinga auka, men skaden berre aukar då dyretalet likevel har auka opp. Som statistikken syner bør her skytast fleire produksjonsdyr.
 - Regulere minsteareal. Det følger av hjorteviltforskriften § 7 . Arealekravet er senka så her er mogeleg med auka tildeling om 50% regelen nyttast. Ein bør her freista å ta ut problemdyr gjennom jakt. Vidare er her vurdert:
 - I kva område fellingstillatelsen er gyldig.

- I kva tidsperiode fellingstillatelsen er gyldig. Opplysninga av betydning for saka som foto og synfaringsnotat er teke. Dette følger av forvaltningsloven § 11d. Dette gjelder for eksempel informasjon som kjem fram i telefonsamtalar, møter eller befaringar. Dette er eit enkeltvedtak som har hjemmel i lov eller forskrift
- Partene er gjort kjent med retten til å sjå sakens dokumenter, jf. forvaltningsloven § 27 tredje ledd.
- Partene er informert om vedtaket så snart som mulig. Det følger av forvaltningsloven § 27. Det skal som hovedregel skje skriftlig, og kan sendes elektronisk dersom parten uttrykkelig har godtatt dette.

5. Konklusjon

Sjå vedtak

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Atle Nordland		5981	MASFJORDNES
Britt Inger Myhr		5981	MASFJORDNES
Lillian Andvik	Austfjordvegen 2438	5981	MASFJORDNES
Stian Sjøvik			
Ørjan Daae	Frøyset	5986	HOSTELAND

Mottakarar:

Arnold Andvik	Andvikvegen 633	5981	Masfjordnes
Even Andvik	Andvikvegen 513	5981	Masfjordnes